

RETTLEIING FOR BRUK AV BØMLO BEDEHUS

Takk for at du vel å bruke Bømlo Bedehus! Her finn du viktig informasjon om leige og bruk av lokala, inkludert registrering, betaling og rutinar før og etter bruk.

1. Registrering av aktivitet
All bruk av bedehuset må registrerast. Ta kontakt for registrering: Ellen Y. Eidesvik, Telefon: 909 78 229, E-post: ellen.eidesvik@haugnett.no

2. Oppvarming
Leigetakar har sjølv ansvar for å setje på varmen i lokala ved behov.

3. Leigeprisar
Leigeavgifta avheng av typen arrangement:

- Vanlege møte: 10 % av kollekt.
- Basar: 20 % av inntektene frå arrangementet.

Private arrangement (t.d. konfirmasjon, minnesamvær):

- Salen oppe: 2 500 kr
- Salen nede: 1 500 kr

Betaling kan gjerast via:

- Kontonummer: 3242.20.12841
- Vipps: 607710

Hugs å merke betalinga med leigetakar sitt namn eller arrangement.

4. Rutinar for vask etter leige
For å sikre at bedehuset blir halde i god stand, ber vi leigetakar følgje desse rutinane etter bruk:

- Kjøkken: Vask, steam og rydd alt utstyr som er brukt.
- Golva: Støvsug og mopp alle golv.
- Toalett: Vask toaletta grundig.
- Avfall: Kast alt bosset i den store bossdunken utanfor.
- Stolar og bord: Set stolar og bord tilbake på plass.
- Matrestar: Fjern mat, saft o.l. – ingenting skal etterlatast i kjøleskapet.
- Kjøkkenfiller og kjøkkenhandklede: Ta med heim for vask og lever dei tilbake så snart som mogleg.

5. Viktige avslutningsrutinar

- Ikkje slå av kjøleskapet.
- Ikkje slå av varempumpane
- La dørane i salane stå opne ut til ganga
- Hugs å låse dørene etter bruk.

6. Nøkkelutlevering
Nøklar til bedehuset kan hentast hjå Eidesvik AS etter avtale.

Vi takkar for at du bidreg til å halde Bømlo Bedehus i god stand for alle brukarar. Har du spørsmål? Ikkje nøl med å ta kontakt!

LA OSS VEKSE SAMAN

Vi vil byggja varme, inkluderande felleskap. Vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar!

Styreformann: Celius Eidesvik
bomlobedehus@gmail.com
telefon: 90768149

BØMLO
Bedehus